

Møt den nye ordføreren på onsdag, 4. nov.

28.10.2015



Ordfører Sjo Slettebø hadde sitt første offisielle oppdrag då han overrekte frivilleprisen nyleg. Onsdag kjem han til Uskedalen.

**På møte i Uskedal Utvikling, onsdag 4. november er ordfører Peder Sjo Slettebø invitert. Han kjem. Etter ein kort presentasjon av bygda og arbeidet til Uskedal utvikling vert det lagt opp til drøfting av aktuelle saker.**

Dette gjeld mellom anna:

- Sentrumsutvikling med bakgrunn i Arealstrategiplanen
- Trafikksikring og parkeringsareal
- Skule/barnehage
- Bustadbygging
- Kultur og friluftsliv
- Turisme og næringsliv

I tillegg kjem Roy Lervåg til møte og vil informera om drifta på SmakifråOSKA. Dersom du har aktuelle spørsmål du vil ta opp på møte, send oss nokre ord på førehand.

Til [kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no](mailto:kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no), mobil 915 31 487

Styret



Roy Lervåg kjem også til møtet og presenterer SmakifråOska

Foto: Kvinnheringen  
Nett: Thor Inge Døssland